

Saksutgreiing

Arkivreferanse: 2026/86-19

Saksbehandlar: Tor Taraldsrud

Saksgang

Saksnummer	Møtedato	Utval
2026/2	17.08.2026	Utval for vilt og fisk
2026/41	08.09.2026	Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling
2026/62	15.09.2026	Formannskap

Høyring av forskriftsendring som opnar for bruk av restlysfosterkande og termiske siktemiddel ved jakt på hjort i Skjåk kommune

Vedlegg

- 1 Veileder+for+fastsettelse+av+lokal+forskrift+for+%c3%a5pning+for+bruk+av+restlysfosterken de+og+termiske+siktemidler+til+jakt+p%c3%a5+hjort.pdf
- 2 Forvaltningsplan for elg og hjort i Skjåk 24-26
- 3 Rapport beitetaksering i Skjåk 2017
- 4 Rapport beitetaksering 2022-2023 Norsk Landbruksrådgiving Innlandet

Saksutgreiing

Landbruks- og matdepartementet fastsette 26.juni 2026 endringar i jaktutøvingsforskrifta. Dette vart gjort på bakgrunn av behov for tilpassingar i forskriftsverket i samband med at den nye viltressurslova skulle tre i kraft 1.juli 2026.

I den nye viltressurslova er det lagt inn forbod mot bruk av restlysfosterkande og termiske siktemiddel ved jakt (§ 26). I den gamle viltlova var ikkje restlysfosterkande og termiske siktemiddel omtalt, slike siktemiddel har derfor gradvis blitt meir brukt ettersom teknologien har vorte lettare tilgjengeleg og rimelegare. I Skjåk har vi også opplysningar om at eit stort tal hjort vart felt ved bruk av termiske siktemiddel sist haust.

Ei av endringane i jaktutøvingsforskrifta er at kommunane har fått heimel til å fastsetje forskrift som opnar for restlysfosterkande og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort i ope terreng (§ 29a., 4. ledd). Heimelen gjeld for å avverge alvorleg skade på natur- eller samfunnsinteresser som fylgje av høg bestandstorleik.

For å vurdere samordning av lokale forskrifter (om restlysfosterkande og termiske siktemiddel) på tvers av kommunegrenser er det tenleg med mest mogeleg like forskriftstekstar mellom kommunane. Dette for at det ikkje skal verte uoversiktleig for jegerar (og jaktrettshavarar) å halde seg

orientert om kva regelverk som gjeld. Det vil derfor vera tenleg å nytte seg av tekstlege formuleringar som samsvar med dei departementet har nytta i jaktutøvingsforskrifta. Forskriftsteksten, i høyringsframlegget, er utarbeidd med dette som utgangspunkt.

Viltforskrifta § 29a

§ 29a. Tillatt bruk av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler

Fastmontert synlig lys kan benyttes for å belyse åte i forbindelse med lisensfelling av jerv. Slik bruk skal rapporteres til statsforvalteren.

Synlig lys kan benyttes ved avliving av vilt som er fanget levende i felle.

Synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved jakt på villsvin og rødrev når jakten foregår i åpent terreng eller ved åteplass.

For å avverge alvorlig skade på natur- eller samfunnsinteresser som følge av høy bestandstetthet, kan kommunen i forskrift åpne for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved jakt på hjort. Bruken av restlysforsterkende og termiske siktemidler skal avgrenses til jakt i åpent terreng.

Kommunen skal vurdere behovet for videreføring av en slik forskriftsregel hvert femte år. Kopi av vurderingen skal sendes Landbruksdirektoratet. Jegeren skal rapportere bruk av restlysforsterkende og termiske siktemidler ved felling av hjort i Hjorteviltregisteret.

Synlig lys kan benyttes ved den umiddelbare undersøkelsen av og rundt skuddstedet. Dette gjelder ikke ved kvotejakt og skadefelling av gaupe eller ved felling av jerv, bjørn og ulv med mindre noe annet følger av forskrift eller enkeltvedtak.

Synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler kan benyttes ved ettersøk av påskutt hjortevilt, villsvin og rødrev. Jegeren har bevisbyrden for at påskytingen er lovlig, og skal varsle grunneieren, politiet og kommunen om bruken av synlig lys og restlysforsterkende og termiske siktemidler før ettersøket tar til. Dersom varsling i vesentlig grad vil forsinke ettersøket, kan begrunnet melding om slik bruk sendes samme instanser umiddelbart etter avsluttet søk.


Vurdering

Skjåk kommune har frå før ei lokal forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort. Landbruksdirektoratet tilrår at ei eventuell opning for bruk av restlysforsterkende og termiske siktemiddel blir teke inn i denne forskrifta. Det er derfor laga forslag til to nye paragrafer i denne forskrifta (§§ 4 og 5). Dei andre er uforandra.

I forskrift om forvaltning av hjortevilt er det satt krav til kommunane om å vedta mål for utviklinga i bestandane av elg, hjort og rådyr og at dette bør bli utarbeida gjennom ein plan. Skjåk kommune har ein vedteken forvaltningsplan for elg, hjort og rådyr for perioden 2024-2026 (vedlagt). For hjort har ein fylgjande mål:

Hjort: Stabil bestand med eit jaktuttak på 135-175 hjort pr år. Det tilsvarar ein vinterstamme på 442-561, (føresetnad ut i frå snitt siste fem år: Produktivitet - 0,63, sett hind/bukk – 1,15, fallvilt – 14). Tilsvarande mål definert ut i frå vårteljing: 500. Begge måla tilsvarar ein bestand som er noko mindre enn i dag.

Etter to års jakt i planperioden ser det ikkje ut til at ein har oppnådd målet om redusert hjortebestand, sjølv om avskytinga har vore over 200 dyr båe dei to siste åra. Berre eit år tidlegare har avskytinga vore høgare. Resultata frå varteljingar er synt i figuren under:



Om ein skal klare å reduserer hjortebestanden ned til målet må ein auke avskytinga. Dei siste åra har det vore tildelt 360 hjorteløyve årleg i Skjåk kommune. Rettshaverane har derfor ei romsleg kvote. Jakttida er lang og for store delar av kommunen ser det ut til at jakttida er godt utnytta i forhold til når det er bra med hjort tilgjengeleg (ulike delar av kommunen har høg bestandstettleik til ulike tider som fylgje av sesongmessige trekk). Kommunen har heller ikkje stor påverknad når det gjeld å utnytte jakttida. Det er vanskeleg å finne aktuelle forvaltningsmessige grep for å auke avskytinga som kan gje tilsvarende effektivitet som restlysforsterkande og termiske siktemiddel. Det er gjennom fleire år gjort grep for å sørge for stor andel hind og yngre dyr i avskytinga.

Bestandsmåla er utarbeidd på bakgrunn av seks ulike delmål. Særleg delmål 3 er aktuelt å trekke fram i denne samanheng i og med at det går direkte på skader som hjorteviltstammene kan påføre biologisk mangfald, jord- og skogbruk. Det er utarbeida ein [rapport frå beitetakst på innmark i 2022 og 2023](#) og ein rapport frå beitetakst på skog frå 2017 (vedlagt). Delmål 6 om å redusere talet av vilt på kjørsalar er også aktuelt å kommentere i denne samanheng i og med at Skjåk kommune utarbeida ein tiltaksplan for reduksjon i vilt på kjørsalar i 2012. Denne planen er vidareført og det har blitt fylgt opp med ulike tiltak (siktrydding, skilting og føring). Det har gjennom fleire år vore søknader om skadefelling av hjortevilt og i fleire tilfelle har det også vore innvilga skadefellingsløyve. Søknadene har i stor grad vore i samband med skader på grasmark i vestre delar av kommunen og dokumenterer avlingsskadar gjennom fleire år.

Miljømessige konsekvensar

I følge § 7 i Naturmangfaldlova skal forskriftsendringar vurderast etter dei miljørettslege prinsipp som går fram av § 8–12:

§ 8 - kunnskapsgrunnlaget: Kommunen har lange tidsseriar med sett-hjort data og fellingsstatistikk. Registrering av irregulær avgang blir ført systematisk. Det er gjort taksering av beiteskader på skog og på innmark. Til saman gir dette eit godt kunnskapsgrunnlag.

§ 9 - føre-var prinsippet: Kunnskapsgrunnlaget er godt, føre-var prinsippet blir derfor lite relevant.

§ 10 - samla belasting for økosystemet: Dersom det ikkje blir opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel vil ein tuleg få ein høgare hjortebestand.

§ 11 – kostnader ved miljøskade: Ikkje relevant i denne saka.

§ 12 - miljøforsvarlege teknikkar, driftsmetodar og lokalisering: Ikkje relevant i denne saka.

Offentleg ettersyn og høyring av framlegg til forskrift vil bli kunngjort på Skjåk kommune si heimeside, sendt til dei to valda i kommunen, til fylkeskommunen og Landbruksdirektoratet.

Frist for høyringsuttale bør vera om lag seks veker frå saka blir lagt ut til offentlig høyring og ettersyn.

Kommunedirektøren si tilråding

Forslaget til nye forskrift blir lagt ut til offentlig høyring og ettersyn i høve til innstillinga under. Det er §§ 4 og 5 som er nye. Den gamle § 4 er fløtt til § 6:

Forskrift om endring av forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Skjåk kommune, Innlandet

Heimel: Fastsett av Skjåk kommunestyre [dato] med heimel i forskrift 22. mars 2002 nr. 313 om utøving av jakt, felling og fangst § 29a fjerde ledd.

§ 1. Tilgang til jakt

Det er lov til å jakte etter elg, hjort og rådyr i Skjåk kommune.

§ 2. Minsteareal for elg, hjort og rådyr

Område	Minsteareal Elg (dekar)	Minsteareal Hjort (dekar)	Minsteareal Rådyr (dekar)
Skjåk Almenning	3000	2000	4500
Skjåk Utmarksråd	2000	300	1500

§ 3. Fellingsavgift for elg og hjort

Fellingsavgift blir kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Satsar for fellingsavgift blir sett til 100 % av maksimal sats for fellingsavgift gjeve i budsjettvedtak frå Stortinget.

§ 4. Opning for bruk av restlysførsterkande og termiske siktemiddel til hjortejakt i Skjåk kommune

Det er opna for bruk av restlysførsterkande og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort i ope terreng, i Skjåk kommune.

§ 5. Rapporteringsplikt for bruk av restlysførsterkande og termiske siktemiddel

Jeger som feller hjort ved bruk av restlysførsterkande eller termiske siktemiddel skal rapportere dette i hjorteviltregisteret.

§ 6. Iverksetjing og oppheving

Forskrifta trer i kraft ved vedtak. Frå same tid opphevast forskrift 22. juni 2006 nr. 901 om jakt etter elg, hjort og rådyr, Skjåk kommune, Innlandet.

Utval for vilt og fisk si behandling av sak 2/2026 i møte den 17.08.2026:

Behandling

Samrøystes som innstillinga.

Vedtak

Forslaget til nye forskrift blir lagt ut til offentlig høyring og ettersyn i høve til innstillinga under. Det er §§ 4 og 5 som er nye. Den gamle § 4 er fløtt til § 6:

Forskrift om endring av forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Skjåk kommune, Innlandet

Heimel: Fastsett av Skjåk kommunestyre [dato] med heimel i forskrift 22. mars 2002 nr. 313 om utøving av jakt, felling og fangst § 29a fjerde ledd.

§ 1. Tilgang til jakt

Det er lov til å jakte etter elg, hjort og rådyr i Skjåk kommune.

§ 2. Minsteareal for elg, hjort og rådyr

Område	<i>Minsteareal Elg (dekar)</i>	<i>Minsteareal Hjort (dekar)</i>	<i>Minsteareal Rådyr (dekar)</i>
Skjåk Almenning	3000	2000	4500
Skjåk Utmarksråd	2000	300	1500

§ 3. Fellingsavgift for elg og hjort

Fellingsavgift blir kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Satsar for fellingsavgift blir sett til 100 % av maksimal sats for fellingsavgift gjeve i budsjettvedtak frå Stortinget.

§ 4. Opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til hjortejakt i Skjåk kommune

Det er opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort i ope terreng, i Skjåk kommune.

§ 5. Rapporteringsplikt for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel

Jeger som feller hjort ved bruk av restlysforsterkande eller termiske siktemiddel skal rapportere dette i hjorteviltregisteret.

§ 6. Iverksetjing og oppheving

Forskrifta trer i kraft ved vedtak. Frå same tid opphevast forskrift 22. juni 2006 nr. 901 om jakt etter elg, hjort og rådyr, Skjåk kommune, Innlandet.

Hovedutval for miljø og samfunnsutvikling si behandling av sak 41/2026 i møte den 08.09.2026:

Behandling

Samrøystes som innstilling.

Vedtak

Forslaget til nye forskrift blir lagt ut til offentlig høyring og ettersyn i høve til innstillinga under. Det er §§ 4 og 5 som er nye. Den gamle § 4 er fløtt til § 6:

Forskrift om endring av forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Skjåk kommune, Innlandet

Heimel: Fastsett av Skjåk kommunestyre [dato] med heimel i forskrift 22. mars 2002 nr. 313 om utøving av jakt, felling og fangst § 29a fjerde ledd.

§ 1. Tilgang til jakt

Det er lov til å jakte etter elg, hjort og rådyr i Skjåk kommune.

§ 2. Minsteareal for elg, hjort og rådyr

Område	Minsteareal Elg (dekar)	Minsteareal Hjort (dekar)	Minsteareal Rådyr (dekar)
Skjåk Almenning	3000	2000	4500
Skjåk Utmarksråd	2000	300	1500

§ 3. Fellingsavgift for elg og hjort

Fellingsavgift blir kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Satsar for fellingsavgift blir sett til 100 % av maksimal sats for fellingsavgift gjeve i budsjettvedtak frå Stortinget.

§ 4. Opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til hjortejakt i Skjåk kommune

Det er opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort i ope terreng, i Skjåk kommune.

§ 5. Rapporteringsplikt for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel

Jeger som feller hjort ved bruk av restlysforsterkande eller termiske siktemiddel skal rapportere dette i hjorteviltregisteret.

§ 6. Iverksetjing og oppheving

Forskrifta trer i kraft ved vedtak. Frå same tid opphevast forskrift 22. juni 2006 nr. 901 om jakt etter elg, hjort og rådyr, Skjåk kommune, Innlandet.

Formannskap si behandling av sak 62/2026 i møte den 15.09.2026:

Behandling

Samrøystes som innstilling.

Vedtak

Forslaget til nye forskrift blir lagt ut til offentlig høyring og ettersyn i høve til innstillinga under. Det er §§ 4 og 5 som er nye. Den gamle § 4 er fløtt til § 6:

Forskrift om endring av forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for elg, hjort og rådyr og fastsetting av fellingsavgifter for elg og hjort, Skjåk kommune, Innlandet

Heimel: Fastsett av Skjåk kommunestyre [dato] med heimel i forskrift 22. mars 2002 nr. 313 om utøving av jakt, felling og fangst § 29a fjerde ledd.

§ 1. Tilgang til jakt

Det er lov til å jakte etter elg, hjort og rådyr i Skjåk kommune.

§ 2. Minsteareal for elg, hjort og rådyr

Område	Minsteareal Elg (dekar)	Minsteareal Hjort (dekar)	Minsteareal Rådyr (dekar)
Skjåk Almenning	3000	2000	4500
Skjåk Utmarksråd	2000	300	1500

§ 3. Fellingsavgift for elg og hjort

Fellingsavgift blir kravd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Satsar for fellingsavgift blir sett til 100 % av maksimal sats for fellingsavgift gjeve i budsjettvedtak frå Stortinget.

§ 4. Opning for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel til hjortejakt i Skjåk kommune

Det er opna for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel ved jakt etter hjort i ope terreng, i Skjåk kommune.

§ 5. Rapporteringsplikt for bruk av restlysforsterkande og termiske siktemiddel

Jeger som feller hjort ved bruk av restlysforsterkande eller termiske siktemiddel skal rapportere dette i hjorteviltregisteret.

§ 6. Iverksetjing og oppheving

Forskrifta trer i kraft ved vedtak. Frå same tid opphevast forskrift 22. juni 2006 nr. 901 om jakt etter elg, hjort og rådyr, Skjåk kommune, Innlandet.

